



Kunnskapsdepartementet

Vår referanse: 14/00208-5
Arkivkode: 0
Saksbehandler: Alf Åge Berg
Deres referanse:
Dato: 15.01.2015

Høring om endringer i privatskolelova (ny friskolelov) frå KS Møre og Romsdal

Fylkesstyret i KS Møre og Romsdal har gjort følgjande vedtak som høyringsvar:

KS Møre og Romsdal er positiv til at departementet har merka seg veikskapen ved dagens lovverk, og endringane som er foreslått vil vere ei betring for å få større sosialt og fagleg miljø ved privatskular, samtidig som at det vert lagt inn ein sikkerheitsventil for at oppretting av privatskulen ikkje skal få negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet.

KS Møre og Romsdal meiner at finansieringsordninga også bør endrast, slik at kommunane ikkje får trekk i rammeoverføringa dersom det vert etablert privatskule.

Dagens privatskulelov har medført ei innskrenking i det kommunale sjølvstyret. Mange kommunestyre gjer vedtak om å leggje ned grendeskular for å frigjere økonomi og samle større faglege/sosiale miljø til eit samla betre kvalitativt skuletilbod. Til no har privatskulelova fungert slik at Fylkesmannen og Utdanningsdirektoratet har godkjent at slike skular har kunne halde fram som privatskular. Kommunestyret har såleis ikkje fått økonomisk effekt av strukturvedtaket. Privatskule i skulekrinsar med tynt elevgrunnlag gjer det også meir komplisert økonomisk og pedagogisk med drift av offentleg skule i nedslagsfeltet.

For fylkesstyret
Med helsing

Alf Åge Berg
seniorrådgjevar